

Ålesund, 22. september 2020

## Roller og ansvar Fagsystem

1. revisjon: 1. Juli 2020

### Forventningar til faga i forhold til Fagsystem

Framtidscenteret i Stabsområde teknologi og innovasjon har ansvar for det overordna teknologiske innovasjons- og digitaliseringsarbeidet i Ålesund kommune. Stabsområdet må vere ein medspelar i organisasjonen for å dyrke fram gode, teknologibaserte tenester og prosessar. I dette ligg det mykje. Ein del er å utnytte fagsystem godt. Alle fagtenester har sine egne dataprogram som dei er systemeigar for. Det er ulik grad i utnytting av desse fagsystema. Med prinsippa digitalisering, digitalt førsteval for innbyggjar, digital sakshandsaming, bruk av data, utnytte teknologi og effektivitet i produksjonslinja har ein godt utgangspunkt for å innovere i fagtenestane.

Formålet med dette skrivet er å avklare roller og ansvar i forhold til drift av desse fagsystema.

Dette skrivet bør reviderast årleg av Stabsområde for teknologi og Innovasjon.

### Det er definert tre roller:

- Systemeigar
- Systemadministrator
- Teknisk systemadministrator

Systemeigar er den som har det overordna, strategiske ansvaret. Systemadministrator er nært knytt til brukarane av fagsystemet, og har ei god forståing for behov, bruk av systemet, og korleis systemet er bygd opp. Teknisk systemadministrator er ei rolle som har ansvar for rein teknisk drift av fagsystemet, og ikkje innhaldet i Fagsystemet. Denne rolla kan vere dekt av avdeling IKT Drift, leverandør eller ein kombinasjon av desse.

### Systemeigar

Det er kommunal/stabssjef som har systemeigarrolla dersom den ikkje er delegert, ofte vil nok oppgåvene i rolla vere delegerte. Det er viktig at denne rolla har den strategiske oversikta som krevjast for å kunne involvere ressursar ein meiner er føremålstenlege. Alt etter kva type innovasjon ein ser prioriterte prosjekt skal inneha, er det viktig å kople på korrekte ressursar. Om det er utviklingsprosjekt, må ein vite om miljø ein kan involvere. Her vil også Stabsområdet Teknologi og innovasjon vere til hjelp. Om det er digitaliseringsprosjekt, er det systemeigar som initierer og prioriterer desse. Systemeigarrolla er altså ei viktig brikke for å styre applikasjonen ein har ansvar for i rett retning etter prinsippa som er nemnt i avsnittet om forventningar til faga. Vidare er det systemeigar som har den overordna oversikta over faget sine påverknadar utanfrå.

Høyringar/rundskriv og andre omsyn som kjem og som har innverknad på faget er moment her. Ein må også kople på stabsområde teknologi og innovasjon ved behov - vil spesielt nemne kompetansen stabsområde har på informasjonssikkerheit og personvern (GDPR).

---

**Post**

Post: Postboks 1521, 6025 Ålesund  
E-post: [postmottak@alesundkommune.no](mailto:postmottak@alesundkommune.no)

**Telefon**

Sentralbord: 70 16 20 00

**Besøk**

Keiser Wilhelmsgt. 11, 6003 Ålesund  
[www.alesund.kommune.no](http://www.alesund.kommune.no)

**Ansvar Systemeigar rolle:**

- Har det overordna strategiske, juridiske og økonomiske ansvar for fagsystemet
- Skal utnemne ein eller fleire systemadministratorar
- Kommunal/stabssjef har rolla: Oppgåver kan delegerast, men ikkje ansvaret-
- Styre fagprogrammet etter prinsippa:
  - Utnytting
  - Digitalisering
  - Digitalt førsteval for mottakar; internt og eksternt
  - Effektivisering
  - Innovasjon
  - Sikkerheit

**Systemadministrator**

Systemadministrator er som tidlegera nemnt nært knytt til brukarane av system, har forståing for behov, bruk og teknisk oppsett av fagapplikasjonen. Kan alt i frå integrasjonar, avhengigheiter, den daglege bruken, konfigurasjon, sikkerheit m.m. Systemadministrator vil vere ein viktig person(ar) for systemeigar med tanke på utviklinga av produktet. Til denne rolla ligg også den daglege drifta: oppdatering/oppgradering, leverandørkontakt, tilgangsstyring, uttrekk til arkivdepot m.m. Har ansvaret for opplæring og setje system på dette. Ofte er det naudsynt å ha fleire roller i ein fagapplikasjon, og kanskje også ei fag- / Ressursgruppe, Systemadministrator har ansvar for å setje system på dette.

**Ansvar Systemadministrator rolle:**

- Administrasjon av fagsystemet
- Dagleg drift
- Opplæring
- Leverandørdialog
- Teknisk forståing
- Opparbeide rutine, reglement og prosedyrar
- Der det er aktuelt, ivareta arkivansvar
- Bistå systemeigar i det strategiske arbeidet
- Bestilling av teknisk endring i systemet etter gjeldande rutine

**Teknisk systemadministrator**

Ofte er det vår interne avdeling IKT-drift som har dette ansvaret. Her vil ein ha namngjevne ansvarlege, minst to per fagområde. Andre gonger er Teknisk systemansvarleg ei kjøpt teneste. Då er det denne driftsleverandøren som har ansvaret. Ein har også i fleire høve ein hybrid av desse 2: leverandør og Avdeling IKT-drift samarbeider om det tekniske.

**Ansvar Teknisk systemadministrator rolle:**

- Teknisk drift av fagsystemet til pålogging
- Overvåking av server / tjenester på server
- Utføring av endringsbestillinger

**Post**

Post: Postboks 1521, 6025 Ålesund  
E-post: [postmottak@alesundkommune.no](mailto:postmottak@alesundkommune.no)

**Telefon**

Sentralbord: 70 16 20 00

**Besøk**

Keiser Wilhelmsgt. 11, 6003 Ålesund  
[www.alesund.kommune.no](http://www.alesund.kommune.no)